



Vestnes kyrkjelege fellesråd

Forskrift om gravplassvedtekter, Vestnes kommune, Møre og Romsdal

Vedtatt av Vestnes kyrkjelege fellesråd den, med heimel i lova av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 første avsnitt, § 8 første avsnitt og § 14 første avsnitt, og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplassforskrifta) § 5 og § 15 a fjerde avsnitt.

Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark den, jfr. lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 første avsnitt.

§1 DEFINISJONAR

Gravplassmyndighet: Vestnes kyrkjelege fellesråd

Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for.

Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.

Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner.

Urnegrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.

Kistegrav: Grav som følgjer gravplassforskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan ein òg gravleggje oskeurner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til ein kan nytte grava igjen til ny gravlegging.

Festetid: Tida som det er avtalt å feste ei grav.

Gravansvarleg: Den som er ansvarleg for ei tilvist grav.

Festar: Den som står som part i ei festeavtale.

Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

§2 FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE

Besøkande skal i hovudsak ferdast gåande, jfr. gravplassforskrifta § 9 andre avsnitt. Ved bevegelseshemming kan motorisert køyretøy nyttast. All ferdsel og køyring skal skje omsynsfullt.

§3 GRAVPLASSTILHØYRSLE

Avdøde personar som bur, eller har budd i kommunen kan gravleggast på kva som helst av gravplassane i kommunen. Dei har rett til fri grav dersom gravplassmyndigheita har tilvist grava.

Rett til frigravsperiode kan utvidast etter føresegnene i gravplassforskrifta §16 første ledd og gravplassforskrifta § 18 andre ledd

Avdøde personar som ikkje bur, og heller ikkje tidlegare har budd i kommunen, kan gravleggast i Vestnes kommune mot betaling av kostnadene ved gravferda og avgift som ved feste av grav.

§4 FREDINGSTID

Fredingstida er 20 år.

§5 STENGING FOR KISTEGRAVLEGGING

Desse delane av gravplassane er stengde for kistegravlegging:

- a. Gravplassen ved Vestnes kyrkje – felt 01–011, på grunn av tilhøva i grunnen og for liten gravstorleik.
- b. Gravplassen ved Tresfjord kyrkje – felt 1 - 4, på grunn av for liten gravstorleik.
- c. Gravplassen ved Fiksdal kyrkje – felt 00, på grunn av for liten gravstorleik. Gjeld ikkje rekke 10 og 11.
- d. Gravplassen ved Vike kyrkje – felt 01 rekke 1 og felt 02 rekke 1 og 2 på grunn av tilhøva i grunnen.

Som unntak frå stenginga kan grav som allereie er sett av til ektefelle eller annan tilsvarande nær relasjon på desse felta, nyttast til kistegravlegging.

Festa graver i felta kan nyttast som urnegraver.

Nye graver i felt som er stengde for kistegravlegging, blir tildelte som urnegraver

§6 FESTE AV GRAV

Når ei kistegrav skal takast i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til fellesrådet ei ekstra grav i tillegg om det er behov. Desse gravene utgjør då éin gravstad.

Ved gravlegging av urne i kistegrav, kan ein ikkje feste ei grav ved sida.

Når festetida eller fredingstida er ute, kan ein feste grava eller gravstaden for nye 5 år.

I god tid før festetida er ute skal festaren varslast.

Har ein ikkje fornya festet innan seks månader etter forfall, går grava eller gravstaden tilbake til gravplassen. Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ein kan ikkje gravlegge i ei grav utan samtykke frå gravansvarleg eller festar. Dersom det ikkje er mogleg å hente inn slikt samtykke, kan fellesrådet ta avgjer om bruk av grav.

Festar pliktar å melde i frå om adresseending.

§7 GRAV OG GRAVMINNE

Ved opning av grav kan jorda leggest på gravene omkring, og gravutstyret der mellombels flyttast. Gravplassmyndigheita sørgjer for istandsetting att, og at grava blir planert og sådd til med gras etter gravlegginga.

Montering av gravminne kan først skje etter at fellesrådet har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå.

Gravminne kan ikkje monterast så lenge det er tele i grunnen, og tidlegast 6 mnd etter gravlegging. Gravminne på urnegrav kan bli sett opp umiddelbart etter urnenedsetting, utanom ved tele i jorda. I påvente av gravminne ordnar gravplassmyndigheita med eit merke der namnet til avdøde blir sett på.

Ved dobbelgrav eller gjenbruk av grav blir gravminnet som hovudregel midtstilt etter siste gravlegging.

Dimensjonar på gravminne og sikring av desse skal vere i samsvar med gravplassforskrifta.

§8 PLANTEFELT

Framfor gravminnet kan det opparbeidast eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Inklusiv eventuell innramming skal plantefeltet ikkje vere breiare enn sokkelen til gravminnet, og det kan strekke seg høgst 40 cm framfor denne.

Plantefeltet kan rammast inn med bedplate eller delt steinkant som ligg i flukt med terrenget rundt. For bedplate gjeld dei same reglane om storleik som for plantefelt.

Vekstar i plantefeltet må ikkje gå utover plantefeltet. Høgda på vekstane må stå i rimeleg forhold til storleiken på gravminnet.

Når det ikkje er plantefelt, skal arealet heilt inn til gravminnet såast til med gras.

Dekorgjenstandar, lykter og liknande som er monterte på gravminnet eller plasserte i plantefeltet, skal vere plasserte slik at dei ikkje er til hinder for eller vanskeleggjer normalt vedlikehald og drift av kyrkjegarden, til dømes opning av grav og grasklipping.

Lys, stearinlys, oljelamper og liknande kan nyttast så lenge dette er innanfor gjeldande reglar for brannvern. Lykter og lys skal vere forsvarleg festa eller plasserte slik at dei ikkje lett kan velte ved vind eller påverknad frå dyr og fuglar.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller anna materiale.

§9 PLANTEMATERIALE

Plantar, kransar og liknande materiale som blir brukt ved gravferder eller ved pynting av grav og endar som avfall, skal vere komposterbart.

§10 STELL AV GRAV

Alle som har ansvar for grav eller er festar har rett og plikt til å stelle dei gravene vedkomande har ansvar for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta og stelt, skal tilsåast av den ansvarlege.

Den som er gravansvarleg eller er festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Den som er gravansvarleg eller er festar kan gjere avtale med næringsverksemd som er godkjent av fellestrådet til det etter § 12, for planting og stell av grav, om montering, sikring og vedlikehald av gravminnet.

Ein slik avtale frittek ikkje den gravansvarlege eller festaren for det ansvaret vedkomande har etter dei reglane som til ei kvar tid gjeld.

§11 NAMNA MINNELUND FOR URNER

Ved gravlegging i namna minnelund for urner blir namneplate med namn, fødselsdato og dødsdato til avdøde monterte på felles minnesmerke, fastsett av gravplassmyndigheita. Personleg uttrykk gjennom symbol eller minneord er ikkje tillete.

Det er gravplassmyndigheita som bestiller og monterer namneplate. For dette blir det kravd ei eingongsavgift etter sats fastsett av Vestnes kommune etter forslag frå gravplassmyndigheita.

I namna minnelund for urner kan det festast plass for ei urne i tillegg (reserverast) når ei grav blir tatt i bruk. Ved feste av ei grav i tillegg, vil ikkje nødvendigvis gravene komme attmed kvarandre, men namna kjem attmed kvarandre på den same namneplata.

Graver i namna minnelund kan festast etter at fredingstida er ute, på lik linje med andre graver på gravplassen. Det vil likevel ikkje vere høve til å gravleggje på nytt i grava.

Avgift for bruk av namna minnelund blir betalt frå det tidspunktet grava blir tatt i bruk

Gravplassmyndigheita har ansvaret for dei felles plantene og stellet i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide egne plantefelt for gravene i minnelunden.

Ein kan legge ned blomar og tenna gravlys så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, på ein stad tilvist av gravplassmyndigheita.

§12 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassane skal ha løyve/godkjenning frå fellesrådet. Løyvet/godkjenninga kan berre gjelde montering, sikring og vedlikehald av gravminne, plantefelt og stell av graver.

Løyve/godkjenning kan trekkast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld.

§13 ARBEID PÅ GRAVPLASSANE

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar mellom 07:00 - 17:00, og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Arbeid må ikkje vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplassen.

Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er naudsynt for å utføre arbeid og tenester. Slik køyring må skje med stort omsyn.

§14 DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE

Fellesrådet kan i særlege tilfelle og innanfor rammene av gravferdslova og gjeldande forskrifter fråvike desse vedtektene.

§ 15 IKRAFTSETJING OG OPPHEVING AV ELDRE VEDTEKTER

Forskrifta tar til å gjelde 30 dagar frå kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå den same tida blir vedtektene frå 28.11.2007 for gravplassane i Vestnes kommune, Møre og Romsdal fylke oppheva.